



Statsforvaltaren I Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/7733 - 23/6685

Saksbehandlar:  
Mette Robertsen  
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:  
25.01.2023

## Vedtak til klagevurdering - gbnr 155/64 Monstad (Vollom)


**Tiltak:** dispensasjon - ny einebustad med carport  
**Byggjestad:** Gbnr: 155/64  
**Tiltakshavar:** Harald Romarheim  
**Ansvarleg søkjar:** Seim Bygg As

Administrasjonen har i administrativt vedtak datert 25.01.2023 gitt løyve til oppføring av ny einebustad med carport, samt mur. Vedtaket omfattar også dispensasjon frå LNF-føremål, og dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg.

Eigedommen på 1050,4 m<sup>2</sup> er nyleg skilt ut frå gbnr 155/10.

Klage på avslag/ delegert vedtak i sak 21/10258 med saknr. 449/22, knytt til søknad om oppretting av ny bustadtomt, vart handsama i Utval for areal, plan, og miljø den 15.06.2022. Alver kommune sitt vedtak datert 22.04.2022 vart ikkje oppretthaldt, og klagen vart tatt til følgje.

Administrasjonen gjer merksam på at vedtak knytt til byggesaka ved ein inkurie vart sendt til klagevurdering allereie den 28.12.2022. Vedlagt følgjer vedtak datert 25.01.2023 til klagevurdering.



## Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Lindås 2019 – 2031 plan ID nr 1263-201805 sin arealdel er definert som LNF-føremål.

Tillat grad av utnytting etter gjeldande plan er 30 % BYA.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast på e-post til sakshandsamar mette.robertsen@alver.kommune.no

## Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennlig helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Mette Robertsen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg:

Dispensasjon og løyve til oppføring av - ny einebustad med carport og mur - gbnr 155/64 Monstad (Vollom)

## Kopi til:

Harald Romarheim	Lurevegen 601	5912	SEIM
Seim Bygg As	Nesbrekka 28	5912	SEIM

## Mottakarar:

Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
-----------------------------	--------------	------	-----------